Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 12 - 1990

Oslo 1990

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken

Utgjevarstad: Avdeling for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo

Nr. 12 - 1990

Redaksjonen er avslutta 18. oktober 1990

ADRESSER:

Norsk namnelag, Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO 3. Tlf. (02) 85 43 75.

Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 BERGEN. Tlf. (05) 21 24 22.

Meldingsbladet "Nytt om namn", Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO 3. Tlf. (02) 85 43 75.

Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 BERGEN).

Kontingenten er no 130 kr for året.

INNHALD

Den 6. nasjonale namnekonferansen 4
Landsmøte i Norsk namnelag 5
Møte i samarbeidsnemnda for namnegransking 6
Nytt om namn 6
Bråten-namn i Hallingdal 7
Rettleiing om stadnamninnsamling 9
Stadnamnprosjektet i Møre og Romsdal: Nytt program for dataføring 10
Kongsvingerprosjektet 15
Opplandsprosjektet held fram 16
Ideologisk navngivning i Tyskland 16
Den danske fornavnebogen 19
Personnamn og namnerøkt på Færøyane 21
Sveriges medeltida personnamn 22
Personnamn i framande kulturar 24
Fornavnsstatistikk bygd på Folkeregisteret 24
Ny norsk namnebok 26
Nye namnedagskalendrar 27
Nyttige meldingsblad 27
Hvor er kildene? 28
Hamarrapporten komen 28
Nytt namneregister frå Statens kartverk 28
Unge Forskere 29
Neste internasjonale namnegranskarkongress i Trier 1993 30
Konferanse om leksikografi i Norden 30
Konkurrerande tiltak? 31
Namn og stader på Utsira 32
Norske skrivarar i mellomalderen 33
Soknedanning og soknenamn 35
Doktoravhandling om finlandssvenske stadnamn 37
Et Familienavn, som koster 2 Kroner Dagen 37
Departementsstrid om store og små bokstavar 38
Studentarbeid om namn 39
Danskernes navne 47
Namnebibliografi 1989. Tillegg 48

DEN 6. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

Fredag 23.11. 1990
Auditorium 3, Sophus Bugges hus, Blindern, Oslo

Emne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking

Kl 0900	Opning
Kl 0915	Stefan Brink: a) To svenske stadnamnprosjekt b) Det nordiske prosjektet NONE-lex (leksikon over nordiske stadnamnelement)
Kl 0935	Spørsmål og diskusjon
Kl 0945	Oddvar Nes: Nasjonale samarbeidsprosjekt i namnegransking
Kl 1020	Kristin Bakken: Norske bustadnavn - Østfold fylke
Kl 1030	Spørsmål og diskusjon
Kl 1045	Kaffi/te og kringle
Kl 1115	Tom Schmidt: Innsamlingsprosjektet i Oppland
Kl 1125	Innsamlingsprosjektet i Sogn og Fjordane
Kl 1135	Peter Hallaråker: Praktiske og metodiske røynsler ved eit regionalt innsamlingsprosjekt
Kl 1145	Finn Myrvang: Nordlands-prosjektet, med særleg vekt på samisk-norsk bryting i Vesterålen og Lofoten
Kl 1200	Spørsmål og diskusjon
Kl 1215	Tuula Eskeland: Finnskog-prosjektet
Kl 1225	Eira Söderholm: Semantiske forandringer i topografiske appellativer
Kl 1235	Aud Kirsti Pedersen: Terrengnemningar for høgder og djuplende i tre Troms-bygder
Kl 1245	Botolv Helleland: Konservative språkdrag i stadnamn frå Eidfjord
Kl 1250	Spørsmål og diskusjon
Kl 1300	Lunsj

Kl 1400 Margit Harsson: Norske rud-namn
Kl 1410 Tom Schmidt: Norske by/bø-navn
Kl 1420 Spørsmål og diskusjon

Kl 1430 Gudlaug Horgen: Etternamn/slektsnamn i folketeljingi 1801
Kl 1440 Anne Svanevik: Selvvalgt personnavnendring i 1983
Kl 1450 Spørsmål og diskusjon

Kl 1500 Kristoffer Kruken: Kunamn
Kl 1510 Terje Larsen: Revisjon av Norsk stadnamnbibliografi
Kl 1520 Terje Aarset: Revisjon av Norsk personnamnbibliografi
Kl 1530 Spørsmål

Kl 1535 Gulbrand Alhaug: Prinsipp for samanføring av "same" namn - eit sentralt problem i personnamngranskinga
Kl 1555 Spørsmål og diskusjon

Kl 1600 Oppsummering og kritisk vurdering av norsk namnegransking i dag

Kl 1630 Slutt

Kl 1730 **LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG**

Sakliste

1. Verksemda i Norsk namnelag 1989-90
2. Tidsskriftet Namn og Nemne
3. Meldingsbladet Nytt om namn
4. Rekneskap
5. Val
6. Ymse

Send påmelding til Avdeling for namnegransking, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO 3 (tlf. 02/454375), innan 15. november. Deltakaravgift 70 kroner, som dekkjer kaffi/te og kringle og rapporten som skal gjevast ut frå konferansen.

Alle hjarteleg velkomne!

MØTE I SAMARBEIDSNEMNDA FOR NAMNEGRANSKING

Laurdag 24.11. 1990 kl 1000
Seminarrom 1, Chateau Neuf, Majorstua

Sakliste

1. Konstituering. Val av møteleiar og referent
2. Merknader til referat og innkalling
3. Lov om stadnamn - tiltak i fagmiljøet
4. Eventuell oppfylging av saker på namnekonf.
5. Rekruttering
6. Utkast til skjema for dataføring av tilnamn
7. Ymse

NYTT OM NAMN

Nytt om namn kjem no med sitt 12. nummer og har med det gjort seg ferdig med 6. årgangen. På dei om lag 430 sidene som har kome ut med dette heftet, har det vore mangt å lesa om slikt som har tilknyting til namnebruk og namnegransking. Vårt inntrykk er at bladet har ein nyttig funksjon, fyrst og fremst som meldingsblad for Norsk namnelag, og allment som eit informasjonsorgan for fagmiljøet og for namneinteresserte i det heile. Men korleis kan bladet gjerast betre med dei ressursane me har? Bør me leggja større vekt på smånotisar og meldingsstoff? Spørsmålet er ikkje grunnlaust, sett frå vår synsstad. I dette nummeret har vi med nokre stykke om namnegransking i utlandet. Burde vi halde oss meir strengt til aktiviteten her i landet?

Redaksjonen vil oppmoda lesarane om å koma med synspunkt på stoffutvalet. Kom gjerne med tips om saker som bør tak-

ast opp, eller om ting som skjer. Bør t.d. Norsk namnelag engasjera seg sterkare i samfunnsdebatten i saker som har med namnebruk å gjera? Kva med den engelske påverknaden? Skal namnerøkta (berre) vera konserverande? Kan ein snakka om namnevern på same måte som kulturvern? Bladet er ope for ulike meiningar.

Redaktørane

BRÅTEN-NAMN I HALLINGDAL
Eit oversyn

Dei tre nedre Hallingdalskommunane har svært mange gardsbruk med namnet Bråten eller med -bråten som sistelekk. I dei tre øvre kommunane er det fåe Bråten-namn. I dei øvste grendene, medrekna heile Hol kommune, finst ingen Bråtennamn i 1886-matrikkelen. Dette er truleg eit fenomen som kan ha ei viss busetjingshistorisk - eller i alle fall ei jordbrukshistorisk interesse.

Brotebruk

Namna skriv seg utan tvil frå måten gardane har vorte rudde på, og finst særleg i Austlandsfylka. Andre namn som viser til same rudningsmåten, er kos, svea og brenna. Det fyrste er mest utbreidd i Telemark, dei to siste mest i Oppland og Hedmark.

Ordet brote/bråte finn me i gamalnorsk og i nynorsk. Det er forklara kort og godt hjå Aasen: "Brote (o'), m. 1) en Hob af nedbrudte el. nedhuggede Træer. "Braataa", Østerd. G.N. broti; Sv. bråte. - 2) et Stykke Mark, som ryddes ved Afbrænding og derefter tilsaaes. Østl. (Brotta, Braataa). - - -."

Om brotebruk (svedjebruk) har Halvard Bjørkvik ein artikkel i Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. Han nemner at me har fåe vitnemål frå millomalder om denne rudningsmåten i Noreg. Fyrst på 1600-talet vann brotebruk gjennom som åkerbruksform her i landet, og det var innvandra finnar som i særleg grad nytta seg av denne rudningsmåten. Men sjølv om metoden ikkje hadde slege igjennom før, so tyder namnematerialet på at brotebruk har vore

kjent og nytta ein god del i dei tidlegaste faser av jordbrukskulturen. Namn med brote/bråte (og kos/kås) knyter seg oftast til yngre gardar, småbruk frå kristen millomalder eller frå nyrudninga på 1600- og 1700-talet.

Kor vidt dette namnematerialet frå Hallingdal kan nyttast til å tidfesta nøyare nokon spesiell rudningsperiode, er vel uvisst. Men det at desse namna er so konsentrerte i dei nedre bygdene, og nesten ikkje finst i dei øvre, må ha ei årsak. Kan det tenkjast at brotebrukstida fall saman med ei tid då jarnvinna i dei øvre bygdene hadde rovhogt skogen, og ei klimakrise t.d. i seinmillomalderen hadde sett sterkt ned tilveksten? At det knapt var skog å brenne her? Dette kan kanskje vera ei problemstilling.

Før me ser på koss namna fordeler seg i bygdene, kan det nemnast at so å seia alle bråten-namna knyter seg til bustader. Berre i eit par tilfelle er det opplyst at namnet gjeld berre "ein brote i skogen". (Kanskje finn ein ogso der tufter om ein ser betre etter.) So det var nok ikkje berre han Sigurd smed som "budde burti ein brote", som det heiter i den gamle barneregla.

Namna er talt opp etter matrikkelen frå 1886. Her må ein rekne med at svært mange namn på bygsleplassar ikkje har vorte med - bustader som ikkje var matrikulerte. Samanliknar ein den nedre kommunen, Flå, med Ål, som er av dei øvre, so har likevel Flå 10 bråten-namn, mot Ål 12. Her bør ein vera merksam på at Flå er ein mykje mindre kommune, med fåare bruk i det heile, og at bråten-namna innan Ål ligg i dei lågaste grendene.

Bråten-namna i 1886-matrikkelen og på M711-kartet

Flå

3 namn Bråten + 7 namn med -bråten som sistelekk, i alt 10 namn. Av dei bråten-namna som står på M711, ligg alle millom 160 og 400 m o.h.

Nes

12 namn Bråten + 71 namn med -bråten som sistelekk, i alt 83 namn. Av dei bråten-namna som står på M711, ligg 12 på millom 200 og 500 m o.h. og 10 på 500-700 m.

Gol

15 namn Bråten + 36 med -bråten som sistelekk, i alt 51 namn. Av dei bråten-namna som står på M711, ligg 9 på 200-500 m o.h., 10 på 500-700 m og 1 på 850 m o.h.

Hemsedal

2 namn Bråten/Brøto + 1 namn med -bråten som sistelekk, i alt 3 namn. Dei to bråten-namna som står på M711, ligg på 640 og 730 m o.h.

Ål

6 namn Bråten + 6 med -bråten som sistelekk, i alt 12 namn. Alle namna millom 320 og 650 m o.h.

Hol

Ingen bråten-namn i matrikkelen frå 1886.

Ola Ellingsgard
Ål

RETTLEIING OM STADNAMNINNSAMLING

Gjennom åra er det fleire som har skrive om korleis ein skal samla inn stadnamn. Særleg i samband med dei større fylkesbaserte innsamlingsprosjekta i seinare tid har det vore laga ei rekkje heller grundige instruksar om framgangsmåten ved innsamling. Stort sett er dei laga over same leisten, og det må ein kunna sjå som uttrykk for at fagmiljøet er nokolunde samd om kva retningsliner ein skal fylgja i dette viktige arbeidet.

I fjor gav Lokalhistorisk rettleiingsteneste i Hordaland (Fylkeskulturavdelinga) ut Innsamling av stadnamn. Ei rettleiing, skrive av Hans Bringeland (i samråd med Egil Nysæter og Jarle Bondevik). I eit etterord vert det nemnt at heftet i nokon mon byggjer på ei rettleiing som prosjektleiar Jan Olav Fretland har laga for stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane.

Forfattaren er teolog av utdanning, men har merkt seg ut ved si sterke interesse for stadnamninnsamling. I åra 1979-81 samla han inn nærare 9000 namn frå Jondal. Seinare

har han registrert stadnamn på Voss og elles gjeve rettleiing i stadnamninnsamling fleire stader. Han har òg laga eit fullstendig oversyn over stadnamnsamlingar i Hordaland. Så når han no har skrive eit 37 siders hefte pluss 7 vedlegg om korleis ein skal samla inn stadnamn, er det med solid grunnlag i eigne røynsler.

I ulike kapittel tek han for seg førebuinga, sjølve innsamlinga med utfylling av namnelistene, og bruk av kart og lydband. Han tek opp særskilde problem som innsamlaren lett støyter på, som kartlesing, påføring av namnenummer (kartbasert nummerrekkje), overlapping, bruk av informantar o.a.

Heftet er pedagogisk lagt vel til rette, og mange som skal ta til med stadnamninnsamling, vil ha nytte av det. Særleg er det grunn til å framheva den systematiske måten forfattaren brukar utstyret på og ordnar ferdige lister, kart og lydband. Men eg trur nok dei fleste treng eit eller to innføringskurs i tillegg (saman med heftestudiet) om dei ikkje har vore borti stadnamninnsamling tidlegare.

BH

STADNAMNPROSJEKTET I MØRE OG ROMSDAL: NYTT PROGRAM FOR DATAFØRING

Stadnamninnlesing 1.1
Copyright (C) 1989 Vidar Myklebust Data
Serienr: 000001

På grunnlag av eit nasjonalt "Skjema for EDB-registrering av stadnamn" (red. av Tom Schmidt), som vart utarbeidd av eit utval nedsett av Samarbeidsnemnda for namnegransking og prenta som vedlegg til Nytt om namn 9 - 1989, har Vidar Myklebust ved Møreforsking laga eit nytt EDB-program for dataføring av stadnamn.

DBase III er nytta, og programmet er bygt opp i 6 hovuddelar: **Nye**, **Val**, **Redigering**, **Diverse**, **Utskrifter** og **Avslutt**. Alle desse kjem fram på skjermen, og ein kan velje aktuell hovuddel anten ved å plassere piltasten på

vedkomande hovuddel og trykkje Retur/Enter, eller ved å skrive første bokstaven i namnet på hovuddelen.

Dei tre mest brukte funksjonstastane er F1 for å få hjelp, F2 for å lagre og F3 for å avslutte. For kvar underdel og kvart underpunkt kan ein finne hjelp ved å trykkje F1, der vedkomande funksjonstastar er definerte.

HOVUDDEL 1: NYE (UTFYLLING AV NYE POSTAR)

Dette er skjema (skjermbilete) for utfylling av nye postar. Ein post utgjer alle innskrivne data om eit namn, dvs. eitt skjema. Ein skal fylle ut det skjemaet som kjem fram på skjermen, med dei opplysningane ein har på namnelista, men berre dei mest aktuelle felta for utfylling kjem fram på skjermen. Dei andre er lagra i basen. Dette gjer det enkelt å fylle ut skjemaet. Før ein set i gang innskrivinga, kan ein skrive inn dei automatiske tekstane for utvalde felt. Skjermbiletet ser slik ut:

LØPENR.:	KARTSERIE:	
KARTRUTE:	INNS.NR.:	
NORMERT SKRIFTFORM:		
ALT. SKRIFTFORM:		
KOMM.NR.:	SOKN - BYGD:	
GNR. OG BNR.:		
INFORMANT:		
OPPSKRIVAR:		
OPPSKRIVARFORM:		
LYDSKRIFT:		
PREPOSISJON:		
DATIVFORM:		
LOKALT APPELLATIV:		
N-KODE:	K-KODE:	K-KODE FØR:
LYDBANDTILVISING:		
ARKIVSTAD:		
ANDRE NAMN PÅ STADEN:		
TRADISJON:		
KOMMENTAR:	Memo (Dette feltet må ein kalle fram spesielt, og her kan ein skrive eventuelle merknader)	

Automatisk utfylling av felt

LØPENR. Kvar post får automatisk eit løpenummer i stigande rekkjefølgje innan den einskilde kommunen. Dette nummeret fungerer samtidig som eit identifikasjonsnummer for namnet. (NB! Identifikasjonsnummeret eller løpenummeret er uavhengig av innsamlingsnummeret. Dette siste vert nytta på namnelistene og på kartet for å heimfeste namnet.)

N-KODE, dvs. koden for type naturformasjon, får tillagd ein **N** når ein byrjar skrivinga i feltet, slik at ein slepp å skrive **N** kvar gong.

K-KODE og **K-KODE FØR**, dvs. koden for type kulturverksemd knytt til staden i dag og tidlegare, får på same måten tillagd ein **K** når ein byrjar skrivinga i feltet.

LYDSKRIFT (fonemskrift) får automatisk tillagd ein skråstrek når ein byrjar å skrive i dette feltet. Når ein har fylt ut siste fonemteiknet i feltet og trykkjer Retur/Enter, kjem automatisk skråstreken bak på plass.

Alle felt kan dessutan få innlagd automatisk tekst ved å skrive denne i **VAL - Utfylling**. Slik programmet er no, er felta **KART** (kartserie), **KONR** (kommunenummer), **INFO** (informant), **OPPS** (oppskrivar) og **ARKI** (arkivstad) medtekne for automatisk utfylling. Vil ein føre til fleire felt, skriv ein det forkorta feltnamnet på fire bokstavar for kvar ny post og trykkjer F2 for å lagre, jfr. Hovuddel 2: Val.

HOVUDDEL 2: VAL (Pip, Bilde, Skrivar, **Ufylling**)

Her kan ein velje mellom ulike funksjonar, m.a. Utfylling. Vel ein utfylling, kan ein leggje inn automatiske tekstar, slik at ein slepp skrive opp att kvar gong tekstar som går att. Feltnamna har desse forkortingane (sjå nærare forklaring i det nemnde særtrykket til Nytt om namn 9):

LPNR - LØPENUMMER (fortløpande nr. for heile kommunen)
KART - KARTSERIE (t.d. ØK AB 105-5-1 Halkjelsvika)

KARU - KARTRUTE (t.d. B3)
INNR - INNSAMLINGSNUMMER (same nr. som står på kartet)
KORN - KOORDINAT-nord
KORA - KOORDINAT-aust
NORM - NORMERT SKRIFTFORM
ALTF - Alternativ skriftform
KONR - KOMMUNENUMMER
SOBY - Sokn - bygd
GBNR - Gards- og bruksnummer
INFO - INFORMANT
OPPS - OPPSKRIVAR
OSFO - Oppskrivarform
UTTA - LYDSKRIFT (uttale i fonemskrift)
PREP - Preposisjon
DATI - Dativform
LOKA - LOKALT APPELLATIV
LONA - NATURKODE
LOKU - KULTURKODE
TIKU - Kulturkode tidlegare
LEUT - Leddanalyse. Utmerkingsledd
LEHO - Leddanalyse. Hovudledd
GRUT - Grammatisk analyse. Utmerkingsledd
GRHO - Grammatisk analyse. Hovudledd
ETYM - Etymologi
BAND - Lydbandtilvising
ARKI - ARKIVSTAD
LITT - Litteraturreferanse
ANDR - Andre namn på same staden
TRAD - Tradisjon
SPRA - Språk
KOMM - Kommentar

I samsvar med Schmidts skjema er obligatoriske felt her skrivne med store bokstavar og valfrie felt med små bokstavar.

Automatisk utfylling av tekst kan alle felt få ved at ein skriv denne i **VAL - Utfylling**. Følgjande felt er lagde til rette for dette no:

Feltnamn	Automatisk tekst
KART	(t.d. ØK AB 105-5-1 Halkjelsvika)
KONR	(t.d. 1519)
INFO	(t.d. Heltne, Helge)
OPPS	(t.d. Ryssdal, Rønnaug)
ARKI	(t.d. MRDH Volda)

Skriv forkorta feltnamn for andre felt som skal ha automatisk utfylling, og trykk F2 for å lagre. Sjå Hovuddel 1: Nye.

HOVUDDEL 3: REDIGERING

Denne delen gjeld redigering og endring av postar. Her er det sett opp eit oversyn over bruk av tastane ved redigering. Ved å trykkje F2 får ein oversyn over framgangsmåten.

HOVUDDEL 4: DIVERSE

Denne delen inneheld diverse funksjonar. Det er tre grupper: kopiering, henting og fjerning av data.

HOVUDDEL 5: UTSKRIFT

Denne delen gjeld kommandoar for å få utskrifter frå stadnamnbasen.

HOVUDDEL 6: AVSLUTT

Siste hovuddelen gjeld avslutting av dataføringsprogrammet. Ved å trykkje på **Avslutt** kjem ein ut av programmet og tilbake til hovudmenyen.

Interesserte kan få nærare opplysningar om pris og format ved å vende seg til Møreforsking, Postboks 523, 6101 VOLDA, tlf. 070/77066.

Prosjektleiar Peter Hallaråker
Volda

KONGSVINGERPROSJEKTET

I 1980 kom det i gang eit arbeid med å byggje opp og ta i bruk ymse kart- og registersystem som NOU 1979:54 Norsk Kartplan hadde gjort framlegg om. Kongsvinger vart vald til prøvekommune for prosjektet. Ein viktig del av opplegget var innsamling, arkivering og utnytting av stadnamn. I alt vart det samla inn og edb-ført ca. 6000 namn. Kommunen fekk mykje hjelp frå Institutt for namnegransking i Oslo, som m.a. heldt kurs for innsamlarar og sidan tok seg av lydskrift, formell analyse og innskriving på datamaskin.

Ved siste årsskiftet gav prosjektleiinga ut ein sluttrapport på 265 sider med tittelen Kongsvingerprosjektet. Temakart og geodata i kommunal planlegging og naturressursforvaltning. I tillegg er det trykt nokre temakart som gjer bruk av den nyvunne kunnskapen. Namneinnsamlinga får vi sjå resultat av på eit enkelt, men tiltalande stadnamnkart over ein del av Varaldskogen. Alle namna som står på kartet, er òg førte opp alfabetisk ved sida av sjølve kartflata, med oppslagsform, dialektform, lokalitetstype og rutetilvising. Elles har sjølvsagt karta over vegetasjon, jordsmonn og geologi stor interesse for namnegranskinga. Temakarta kan ikkje erstatte den tradisjonelle metoden med å sjå stadene og samtala med folk som kjenner landskapet og bruken av det. Men ei framifrå tilleggshjelp vil dei vera.

Stadnamndelen i rapporten er skriven av Tove Kummeneje. Ho gjer grundig greie for arbeidsgangen alt frå den første planlegginga til edb-føringa. Ho drøftar òg praktiske problem som dukka opp undervegs i arbeidet, m.a. i tilknyting til bruken av kart og nummerering på kartblada. Det er nyttig å få del i erfaringane frå prosjektet på denne måten. Til slutt fortel ho korleis namneregisteret har vorti brukt til no. Temakartet er éin ting. I tillegg er det laga ca. 30 blad i ØK-serien (1:5 000) med namnsetjing frå registeret. Karta fekk fleire namn, skrivemåten vart sikrare og plasseringa meir påliteleg enn det som har vori vanleg. Registeret vart òg brukt da 33 vegar i 3 ulike tettstader skulle få namn. Her kom ikkje minst dei etablerte normalformene til nytte. Kummeneje understrekar at

det er arbeidssamt å få til eit slikt register, men sjølve namnsetjinga går lettare enn før, og resultatet blir jamt betre.

KK

OPPLANDSPROSJEKTET HELD FRAM

Tidlegare i år gjekk det ord om at stadnamnprosjektet i Oppland kom til å bli nedlagt før arbeidet var avslutta. Men dette stemmer ikkje, fortel fylkeskonservator Arnfinn Engen til Gudbrandsdølen/Lillehammer Tilskuer 24. september. Han seier at fylkeskulturstyret har vedteki å ikkje fornye engasjementet av prosjektleiar, men det vil bli haldi opplæringskurs for innsamlarar i alle kommunar som ønskjer det. Trond Ole Haug, som leidde prosjektet, skal òg stå for opplæringa vidare framover. Oppland fylke syter for pengar til kursa. Arbeidet med innsamling vil såleis gå sin gang, berre i éi anna form. Dei fleste kommunane var aktivt med i prosjektet, men det står att nokre få som ikkje har samla inn namn enno. Med den nye løysinga vonar ein særleg å kunne koma dei til hjelp.

IDEOLOGISK NAVNGIVNING I TYSKLAND

Under "oktoberrevolusjonen" i DDR i 1989 tok jeg initiativet til en gruppe som skulle arbeide for å få tilbake noen av de gamle, historiske gatenavnene i hjembyen min Greifswald ved Østersjø-kysten. Jeg er født (i 1964) og oppvokst der og har med egne øyne sett hvordan et sentraldirigert vanstyre kan ruinere en by som en gang var en av de vakreste i Nord-Tyskland. Ikke minst gatenavnene er blitt offer for den politikken som er ført.

Forvrengning av gatenavn (og andre navn) er ikke noe som bare har forekommet under DDRs såkalte "real-eksisterende sosialisme". Den slags voldtekt finner vi under ethvert

styre som tar sikte på å uniformere samfunnet. Det mest skremmende eksemplet er nazitiden.

Den tyske filolog og jøde Victor Klemperer har analysert sine språklige opplevelser under nazi-diktaturet og sammenfattet dem i boka Lingua Tertii Imperii. Han gir en mengde eksempler på hvordan personnavn og stedsnavn ble brukt for å rettferdiggjøre den såkalte herrefolk-ideologien. Historiske kjensgjerninger som f.eks. slavisk bosetning i store deler av Tyskland skulle viskes ut ved at stedsnavn simpelthen ble fortysket. Det skjedde med 120 navn i Pommern, 175 navn i Brandenburg og 2700 navn i Schlesien. I regjeringsdistriktet Gumbinnen (Østprøyssen) fikk 1146 av 1851 kommuner et fortysket navn. Her var det framfor alt de litauiske endelsene som ble sett på som et uttrykk for en uren rase.

Når det gjelder fornavn, var det forbudt for tyske barn å ha navn som Lea eller Sara. Jøder som ikke hadde noe entydig hebraisk navn, ble derimot pålagt å føye til Israel eller Sara til fornavnet.

Av gatenavn som ble omdøpt i denne tiden, kan jeg nevne følgende fra Greifswald: Adolf-Hitler-Damm (før Pommerndamm), Platz der SA (før Hohenzollernplatz, Roßmarkt), Hermann-Göring-Straße, Sudetenlandstraße o.fl.

Da krigen var slutt i 1945, lå mulighetene åpne for å gå tilbake til de gamle navnene, men dette ble dessverre ikke fulgt opp. Forvrengningen av navnetilfanget satte inn på nytt. Bahnhofstraße ble omdøpt til Stalinstraße. Nettopp Stalins navn skulle bli svært utbredt i Øst-Europa etter kommunismens maktovertakelse. Til og med fjelltopper ble oppkalt etter diktatoren. Bulgarias høyeste fjell, Musala, het således Varh Stalin på 1950-tallet.

Den verste voldtekten mot gatenavn i Greifswald fant sted i anledning av Stalins fødselsdag 21.12.1950. Fem historiske gatenavn (Lange Straße, Marktstraße, Markt, Schuhhagen, Am Mühlentor) måtte vike for Straße der Freundschaft. Markt ble attpå til omgjort til Platz der Freundschaft.

Stabilitet og kontinuitet har gått tapt pga. ideologisk ekstremisme. Noen gater og plasser har måttet tåle 4-5 omdøpinger i løpet av de siste hundre årene, f.eks. Roß-

markt, seinere Hohenzollernplatz, så Platz der SA (Sturm-Abteilung), så Theaterplatz og deretter Platz der Freiheit. Et annet eksempel: Pommerndamm -> Adolf-Hitler-Damm -> Pommerndamm -> Straße der Nationalen Einheit -> Rudolf-Peterhagen-Allee.

I dag kan vi snakke om 3 "sosialistiske" gatenavntyper:

1. De store klassikerne Lenin, Marx, Thälmann er representert i hver eneste by.
2. Det samme gjelder genitiv-navn til intetsigende slagord som Platz der Freiheit, Straße der Befreiung, Platz der Demokratie, Straße der Jungen Pioniere o.l.
3. Særlig karakteristisk for østtyske gatenavn er "personnavnsyken". Navn på store personer er representert i byer som ikke har noen som helst tilknytning til dem, f.eks. Goethestraße i Greifswald (før Am Graben).

Påfallende er overvekten av russiske personnavn. Ofte er de dessuten vanskelig å uttale: Nikolai-Semjonowitsch-Borstschow-Platz (Greifswald).

Om forholdsvis kort tid håper jeg å få opprettet en fast navnekomité med tilknytning til bystyret i Greifswald. Den initiativgruppen jeg har vært med på å starte, er bare en begynnelse. Oppslutningen om gruppens arbeid har vært enorm. En spørreundersøkelse i lokalpressen viser at 98 % av dem som svarte, støtter forslagene våre.

Gero Lietz
Greifswald

Gero Lietz var gjesteforskar ved Avdeling for namnegransking, Univ. i Oslo, i vårsemesteret 1990. Han arbeider med avhandlinga "Egennavn i moderne norsk: Problemer knyttet til gjengivelse på tysk, belyst ved eksempler fra skjønnlitterære verker".

DEN DANSKE FORNAVNEBOGEN

I serien "Navnestudier udgivet af Institut for Navneforskning" har Birte Hjorth Pedersen og Lis Weise nå kommet med nr 30, nemlig Fornavnebogen. 12 500 navne på danske statsborgere i 150 år. Denne "udgivelse bringer Danmark ind i den kreds af lande, hvor befolkningens fornavne som helhed kan studeres og iagttages", står det i forordet. Med andre ord: Enda et svært nyttig tilskudd til vår fornavnlitteratur.

Boka er stor - på hele 725 sider. Mesteparten utgjøres av den alfabetiske fornavnlista, som omfatter fornavn båret av danske statsborgere de siste 150 åra (fram til november 1985), med unntak av de navna som har færre enn fem forekomster som første fornavn. Materialet er hentet fra det såkalte "CPR-registeret - Det centrale personregister".

Boka har én alfabetisk liste, med kvinne- og mannsnavn sammen. Forskjellige skrivemåter av samme navn har egen oppslagsform. Dermed får registeret heller ikke med skrivemåter som er så sjeldne at de har færre enn fem forekomster. Navn forbundet med bindestrek oppfattes som ett navn. For hvert enkelt navn får vi opplysninger om kjønn, antall (det samlede antall forekomster av navnet), de to posisjonene navnet forekommer oftest i (som førstenavn, andrenavn, tredjenavn osv), samt styrkeforholdene (angitt i prosent) i disse plasseringene. Dessuten er navnets "stærkeste og næststærkeste område" angitt, dvs de to geografiske områdene i Danmark hvor navnet er vanligst gjennom de 150 åra. Likedan har vi kolonner for "stærkeste tid".

Bokas innledningskapittel inneholder blant annet et avsnitt med overskriften "Hvad er et navn?". Noen definisjon framlegges ikke her, og vi får heller ingen diskusjon om riktig propriumsdefinisjon. Forfatterne anser det som irrelevant i denne sammenhengen. Isteden foretar de en klassifisering etter stillingskriteriet, og sier at et fornavn her forstås som "et navn, der skal have minst én forekomst som første navn i en navnekæde". Ved denne definisjonen utelukkes dessverre en del fornavn som utelukkende opptrer

som andre-, tredje- eller seinere navn. Som forfatterne selv påpeker, behøver ikke dette bare gjelde svært sjeldne fornavn. En del kvinnenavn avledet av mannsnavn med suffikset -ine m/ varianter (Anderine, Petermine) forekommer f eks nesten bare som andre- eller seinere navn. Grunnen til at stillingskriteriet likevel er valgt, er at man ved hjelp av det får lukt ut en rekke navn som navnetypologisk må betraktes som etternavn, men som i CPR-registeret er klassifisert som fornavn (f eks Swane og Varmdal). I tillegg foretas manuelle korrigeringer etter statistiske opplysninger. For eksempel regnes ikke Tvede som fornavn selv om det ifølge CPR-registeret har én (feilaktig?) forekomst som første fornavn.

Under overskriften "Problematiske navnetyper" får vi noen opplysninger fra de "sammenhængstabeller" som er utarbeidet for hvert navn - opplysninger som ellers ikke er tatt med i boka. Vi får vite at navnet Ane forekommer 634 ganger i "bindestregsnavn". Hele 623 av disse forekomstene er som førstenavn, og følgelig bare 11 som andrenavn. For Erik er forholdet omvendt. Dette navnet er hyppigst som andrenavn i slike bindestrekskombinasjoner. Innledningskapittelet gir også en del informasjon om tvekjønnete navn.

"Vi håber at denne danske pendant vil udfylde et tomrum i beskrivelsen af moderne europæisk navneskik," skriver forfatterne under avsnittet om formålet med boka. Fra et norsk navnegranskersynspunkt ser det ubetinget slik ut. Når vi nå har fått denne boka i tillegg til den svenske Förnamnsboken, vårt Norsk personnamnleksikon, Heggstadrapporten (fra prosjektet "Norske personnamn") og Ivar Utnes nye rapporter (se s. 24 i dette nr.) står vi godt rustet til å foreta sammenlikninger mellom nåtidas fornavnskikk i de skandinaviske landa.

Anne Svanevik
Oslo

PERSONNAMN OG NAMNERØKT PÅ FÆRØYANE

Dei fleste nordiske landa har fått ny personnamnlov det siste tiåret. På Færøyane vart det utarbeidd framlegg til namnelov i 1984, men lova er enno ikkje vedteken. Det er framleis den danske lova frå 1904 som utgjer grunnlaget for offentleg namnerøkt der. Lovframlegget har to hovudmål: å bremse på bruken av framande og uhøvelege namn og å oppmuntre folk til å velje tradisjonsrike færøyske namn. Til hjelp for ålmenta har Johan Hendrik W. Poulsen nyleg gjevi ut ei lita bok med tittelen Fólkanøvn. Úrval til leiðbeiningar (Málnevndarrit 1, Føroyska málnevndin, Tórshavn 1989). Ei slik rettleiing er òg føreboda i lovteksten.

Boka inneheld ca. 650 mannsnamn og ca. 440 kvinnenamn ordna alfabetisk i to skilde lister. For kvart namn er det oppført bøyingsformer, men det er ikkje sagt noko om språkleg opphav, tyding, alder eller utbreiing. Slike opplysningar skal koma i ei større namnebok som Poulsen arbeider med. I Fólkanøvn er hovudvekta lagd på arven frå norrønt. Gamle, velhevda lånenamn er òg tekne med, men nyare namn som ikkje passar med færøysk lyd- og bøyingsstruktur, er stort sett utelatne. Det går ikkje fram kor representativt utvalet er. Men det er ei påfallande skeiv fordeling mellom mannsnamn og kvinnenamn. Forklaringa på dette må først og fremst liggje i at det norrøne tilfanget har stor overvekt av mannsnamn. I Noreg er det ikkje vanleg at fagfolk ytrar seg så normativt som Poulsen gjer her, iallfall ikkje skriftleg. Men det burde kanskje avle ein liten ettertanke?

Sidan følgjer lovteksten med grunngjeving og opplysningar til dei ymse paragrafane. Her òg blir det lagt opp til ei fastare regulering enn det vi kjenner frå den norske namnelova. Det heiter m.a. at namnet skal vera i samsvar med færøyske språkreglar, og at ingen skal ha meir enn to førenamn. Til etternamn kan ein ta slektsnamnet åt mora eller faren, eller førenamnet åt ein av dei med tillegget -son eller -dóttir. Det bør ikkje lenger vera einerett på slektsnamn etter stadnamn. Det er gammal sed å nemne folk - attåt førenamnet - etter foreldre (far) eller bustad på

Færøyane likeins som i Noreg. Lovmakarane ønskjer no å gje denne skikken rom i offisiell samanheng med.

Som hjå oss blir det forbod mot å gje namn som kan bli til ulempe for beraren, og mot å bruke slektsnamn til førenamn. Når slektsnamn tidlegare vart nytta slik, botna det kan hende i ei slags forveksling, hevdar boka. Færingane var ikkje vane med at folk vart nemnde berre med etternamn. Høyrde dei ein prest omtala som Brun, kunne dei difor lett tru at det var førenamnet hans og på det grunnlaget ta namnet i bruk sjølve. Slektsnamn har òg vori brukte som førenamn her i landet, men det er lagt lite vinn på å forklare overgangen ut frå den måten folk i ulike samfunnslag vart nemnde på.

Til slutt gjev boka eit stutt historisk oversyn over namn og namnebruk på Færøyane. Utviklinga frå seinmellomalderen til først på 1800-talet er i mangt den same som hjå oss. Ein viktig skilnad synest vera oppkalling etter dagsnamna i almanakken. Det var vanleg på Færøyane å gje borna namn etter fødselsdagen i almanakken, seier boka. Her i landet er det få spor etter noko slikt. Eg tvilar òg på om skikken verkeleg var vanleg på Færøyane. Utetter 1800-talet blir det større skilnad mellom norsk og færøysk namnebruk. Den danske namnelova frå 1828, som gjaldt på Færøyane frå 1832, tvinga fram ein massiv bruk av stivna -sen-namn (uekte patronym), noko som lenge enda vart verande eit byfenomen her i landet. Renessansen for nordiske namn ser ikkje ut til å ha ført til like stor nyskaping hjå færingane som hjå oss. Men bruken av litterære former i staden for heimlege dialektformer har vi sams (Sigurd for Sjurd osv.).

KK

SVERIGES MEDELTIDA PERSONNAMN

Verket Sveriges medeltida personnamn har nyss komi ut med hefte nr. 9. Det går frå sist i Gunnur (= Gunnvor) til vel midtvegs i Hakon. Redaktørar for dette heftet er Evert Melefors og Anita Eldblad. Det første heftet kom i 1967

under redaksjon av avlidne Roland Otterbjörk. Verket omfattar både førenamn og tilnamn og tek også med namna frå dei gamle norske landskapa Bohuslen, Jemtland og Herjedalen. Dette gjer det i høgste grad aktuelt og interessant for norsk namnegransking med. Dei einskilde artiklane er oppbygde slik: 1. form- og lydutvikling 2. beleggsmateriale i kronologisk rekkje 3. språkleg-etymologisk kommentar, i relevante tilfelle òg opplysningar om geografisk utbreiing og sosial karakter.

Det er eit monumentalverk i nordisk namnegransking som her veks fram. Ein får ikkje minst age for den omhyggjelege filologiske og personalhistoriske analysen som ligg til grunn for skipnaden av belegga og merknadene til dei. Eg vil òg framheve verdien av sluttkommentarane, der m.a. tolkingar frå eldre og nyare faglitteratur blir presenterte så utførleg som plassen tillet. Parallelle namn og former i det vestnordiske (norsk-islandske) tilfanget blir nemnde systematisk. Dette aukar bruksverdien enda meir for oss norske som gjerne har synsvinkelen styrt av vårt heimlege materiale når vi arbeider med gamle nordiske personnamn.

Somme vil nok synast at 23 år på tredjedelen av alfabetet er lang tid, og litt rett kan dei ha. Forklaringa ligg delvis i at det har vori skifte i redaksjonen fleire gonger sidan verket tok til å koma ut. Men den viktigaste grunnen er at ressursane dessverre er altfor små i høve til den umåtelege stoffmengda som skal handsamast. Kvalitet kostar, og den som ikkje har pengar, får betala med tid. Dette er situasjonen for dei aller fleste ordboksredaksjonar. Det er imponerande å sjå kva Melefors og staben hans i Sveriges medeltida personnamn får til innafor dei rammene dei har. Mitt inntrykk er at dei jamvel har skjerpa krava undervegs, særleg når det gjeld dei analyserande elementa i framstillinga.

KK

PERSONNAMN I FRAMANDE KULTURAR

Helsedirektoratet gav i fjor ut eit hefte med tittelen Religioner og kulturer - om skikker og tradisjoner v/Gunnar Neegaard (Helsedirektoratets veiledningsserie nr. 1, 1989). Heftet er lagt opp som ei rettleiing for helsepersonell som kjem i kontakt med folk frå ikkje-europeiske kulturar. Det inneheld òg eit lite kapittel om personnamn, med særskilde opplysningar om namnebruken hjå sikhar, hinduar, muslimar, vietnamesarar, srilankarar og singalesarar. Neegaard presiserer at opplysningane er ufullstendige og mangelfulle, og at meininga berre er å gje nokre tips om namnebruken. Heftet gjev like fullt ei nyttig første innføring i emnet. Det er interessant i seg sjølv å vita litt om dette, og det kan hjelpe oss til å forstå dei framande kulturane betre.

Vi bør òg vera merksame på at desse kulturane kanskje vil tilføre **norsk** namneskikk ein del nytt i åra som kjem. Det arabiske namnet Omar har for lengst glidd inn - rett nok via engelsk-amerikansk og med god støtte frå heimlege namn på -mar. Ein vågar neppe for mykje om ein spår at namn som Ali og Amina (etter Muhammeds mor) kan stå for tur. Det finst døme på at to-kulturelle familiar i Noreg gjev borna namn frå båe kulturane. Førebels er det uvisst kva dette får å seie for framtidig namneskikk her i landet, men det er ikkje utenkjeleg at det blir ein innfallsport som opnar seg meir og meir.

KK

FORNAVNSSTATISTIKK BYGD PÅ FOLKEREGISTERET

I løpet av mai 1990 vil det foreligge tre større rapporter med navnetabeller som ble utarbeidd, hovedsakelig av undertegna, ved det tidligere Prosjekt for datamaskinell språkbehandling (PDS) under Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen i 1983 og 1984.

Dette materialet er grunnlaget for de fleste navnestatistikkene som har vært offentliggjort i pressen i 1984 og senere. Det er også grunnlaget for den andre versjonen av

mikrokort med tabeller for fornavn, mellomnavn og etternavn som fylkesmennene og Justisdepartementet tok i bruk i 1984. (En tidligere versjon av kort bygde på et eldre materiale bearbeidd i 1970-åra under ledelse av Kolbjørn Heggstad.) Materialet inneholder navn på alle personer som ble registrert i 1960-folketellinga, og alle som har vært bosatt i landet etter det og fram til 1982.

Den første av de tre rapportene, Rangerte navn, omfatter rangerte lister over de mest populære navna i landet fordelt på fødte i kortere perioder, dvs. 25-årsperioder i forrige århundre og 5-årsperioder i dette. Det er med hundre navn i hver periode. Rapporten inneholder dessuten rangnummer for hvert av navna i hvert fylke (bosted i 1982) i hver periode.

Den andre rapporten, Spredning av navn, viser med enkel tegnbruk hvor og når hvert av 751 navn har vært mye eller lite brukt. Fylkes- og periodeinndelinga er den samme som i den første rapporten. Utvalgskriteriet for navn er at de har blitt brukt for minst én promille av de registrert fødte i minst én periode.

Den tredje rapporten, Fornavn i tall, inneholder tabeller med absolutte og relative tall og rangnummer for de samme 751 navna for de samme tids- og stedsvariablene.

Det er dessuten laga et mindre hefte, Fornavnsrapporter i utdrag, som inneholder innledningene fra hver av de tre rapportene og eksempler på tabeller fra rapportene. Heftet inneholder også ei liste over de 751 navna som er behandla i to av rapportene.

Tabellene i rapportene er i hovedtrekk satt opp slik det tidligere er vist i artikkelen "Visuelle framstillingsformer for namnestatistikk" (i Tom Schmidt (red.): Nyere nordisk personnavnskikk. Rapport fra et symposium på Skammestein i Valdres 10.-14. april 1985. NORNA-rapporter 35. Uppsala 1987, s. 250-267). Tabell 1 der er mønster for den første rapporten, tabellene 6 og 7 er mønster for den andre rapporten, og tabell 5 er mønster for den tredje rapporten.

De tre nevnte rapportene og heftet er utgitt i skriftserier ved Norsk termbank, en avdeling under Nordisk in-

stitutt ved Universitetet i Bergen. Ytterligere referanser for disse er:

Ivar Utne: Rangerte fornavn. Norske språkdata rapport nr 23. 7 s. innledning + 114 s. tabeller. Bergen. 1990. ISSN 0801-2296. ISBN 82-90930-01-1. Pris kr 150.

Ivar Utne: Spredning av fornavn. Norske språkdata rapport nr 24. 8 s. innledning + 188 s. tabeller. Bergen. 1990. ISSN 0801-2296. ISBN 82-90930-03-8. Pris kr 150.

Ivar Utne: Fornavn i tall. Norske språkdata rapport nr 25. 2 bind. 8 s. innledning + 751 s. tabeller. Bergen. 1990. ISSN 0801-2296. ISBN 82-90930-04-6. Pris kr 450; for forskningsinstitusjoner kr 300.

Ivar Utne: Fornavnsrapporter i utvalg. Småskrifter nr 1, 1990. Bergen. 1990. (Uten ISSN og ISBN.) Pris kr 30, som kan sendes i frimerker sammen med bestillinga.

Prisene gjelder for 1990. De tre rapportene og heftet kan bestilles fra: Nordisk institutt v/Ivar Utne, Universitetet i Bergen, 5007 BERGEN. Regning blir sendt. Rapportene vil også kunne lånes fra ett av de fire universitetsbiblioteka.

Bergen, 8. mai 1990
Ivar Utne

NY NORSK NAMNEBOK

Den store Navneboken heiter ei ny personnamnbok som har komi ut på Sandviks Bokforlag, Stavanger (1990). Boka er redigert av Anne Svanevik og Johan Fredrik Køste. Hovuddelen er eit leksikon som inneheld ca 3 500 namn og namneformer med språkleg forklaring. I særskilde kapittel tek forfattarane opp emne som tydingsgrupper, oppkalling, namnelov, namnedagar, namnefrekvens, namnemotar, namn i ordtak og kjende litterære namn. Nytt om namn kjem med ein fyldigare omtale i neste nummer.

NYE NAMNEDAGSKALENDRAR

Namnedagane var lenge gøymt og gløymt stoff i Noreg, men dei siste åra er det gjort fleire freistnader på å vekkje dei til live att. Først kom Almanakkforlaget med sin namnekalender (sjå Nytt om namn 8, 1988). Straks etterpå sende Steinar Maria Kaas ut eit innhaldsrikt alternativ under namnet En universal-almanakk. Tradisjon. Historie. Magi. Ny verden på Aschehoug Forlag (1988). I år la så Schibsted Forlag fram boka Navnedager og Merkedager. Den inneheld namnerekkja frå Almanakkforlaget med språkleg forklaring av namna, og dei gamle helgennamna med stutte opplysningar om personane bak namna.

NYTTIGE MELDINGSBLAD

I vinter kom eit nytt skrift på marknaden. Det heiter Lokalhistorisk magasin og er meldingsblad for Landslaget for lokalhistorie og Landslaget for lokal- og privatarkiv. Redaktørar er Hermund Kleppa, Sogndal, og Egil Nysæter, Landås. Kleppa står for arkivstoffet og Nysæter for det lokalhistoriske stoffet. Det er meininga å gje ut fire nummer årleg frå 1991, og med ein slik utgjevingstakt vil det fylle oppgåva som meldingsblad godt. Faget vårt er òg i mange ting ein lokalhistorisk vitskap, så vi helsar bladet velkomi og ønskjer det ei trygg framtid.

Samtidig vil vi minne om blada Kringsjå frå Norsk lokalhistorisk institutt (Boks 38 Kringsjå, 0807 OSLO 8) og Arkivmagasinet frå Riksarkivet (Boks 10 Kringsjå, 0807 OSLO 8). Begge desse har gått i nokre år no og inneheld alltid stoff av interesse for namnegranskinga. Her får vi m.a. vita om nye kjeldeutgåver, nye namneregister, mikrofilming og edb-føring av folketeljingar og kyrkjebøker osv. Det som har skjedd i arkivverket og i historiske miljø på dette feltet dei siste 10-15 åra, har særleg komi personnamngranskinga til gode. Men alle som arbeider med namn i historisk perspektiv, vil ha nytte og glede av å følgje med i desse blada.

HVOR ER KILDENE?

I serien Småskrifter fra Norsk lokalhistorisk institutt, som nr. 13, har Marit Ekne Ruud gjevi ut heftet Hvor er kildene? Institusjoner til hjelp for lokalhistorikere (Oslo 1990). Heftet gjer greie for arkiv, samlingar, museum, bibliotek, foreiningar og andre institusjonar; det fortel kva dei inneheld, kva oppgåver dei har, og kva måtar materialet der er tilgjengeleg på. Det er dessutan oppført adresser og telefonnummer til alle institusjonane. Under bolken for samlingar finn vi ei gruppe B. Stedsnavn, som omfattar dei fire universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø. Her vil vi leggje til at distriktshøgskolane i Stavanger og Volda har store namnesamlingar som kunne vori nemnde. Men alt i alt er dette eit skrift av største nytte for namnegranskinga.

HAMARRAPPORTEN KOMEN

Rapporten frå NORNA-symposiet "Namn og eldre busetnad" på Hamar 9.-11. juni 1988 (sjå Nytt om namn 8, 1988) har no komi ut, redigert og budd til prenting av Tom Schmidt. Rapporten inneheld alle foredraga og fyldige referat av diskusjonane. Paneldiskusjonen som avrunda symposiet, er attgjeven fullstendig. Rapporten kan tingast frå NORNA-förlaget, S:t Johannesgatan 11, S-752 21 UPPSALA, SVERIGE. Prisen er 130 finske mark, eller ca. 210 norske kroner.

NYTT NAMNEREGISTER FRÅ STATENS KARTVERK

Alfabetiske namneregister er nyttige hjelpemiddel, anten ein er på leiting etter ein namngjeven stad, eller ein granskar stadnamn som språklege uttrykk. På dei nye kartutgåvene i M711-serien (hovudkartserien i målestokk 1:50 000) har Statens kartverk i Hønefoss prenta alfabetiske namneregister på baksida av kvart einskilt kartblad. Og i 1988 kom Stedsnavn. Østfold, eit alfabetisk namneregister

over dei om lag 7000 namna som finst på M711-serien i dette fylket (sjå Nytt om namn nr. 7).

Nytt i år er fyrste bandet av Navneregister for kart i 1:50 000 over Norge. Serie M711, utgjeve etter oppdrag frå Forsvarets kartteneste. Det skal avløysa det tidlegare namneregisteret som var utgjeve gjennom US Army Map Service på grunnlag av den gamle serien i 1:50 000. Det nye registeret inneheld om lag 134 000 namn frå den delen av landet som ligg sør for 61. breiddegrad, dvs. sør for Sognefjorden. Til kvart namn er det opplyst (med engelsk forkorting) kva det er namn på, kartblad, km-rute og breidde- og lengdegrad. Ein praktisk mangel ved registeret er at det ikkje har opplysning om kommune og sokn. (Det har derimot Østfold-registeret som er nemnt ovanfor.) Registeret bygd opp på grunnlag av databasen i Kartverket. Ei snøgg oppteljing viser at det finst t.d. 281 Haugen på dei karta som er med i registeret. Innleiingsvis er det teke med ei ordliste over samiske og norske namneledd med engelske motsvar.

Det andre bandet i serien kjem ved årsskiftet, og mot slutten av 1991 vil resten av landet vera dekt.

Boka er på 716 store sider og kostar kr. 360,-. Ho kan tingast hjå Statens kartverk, Kartsalet, 3500 Hønefoss.

BH

UNGE FORSKERE

I konkurransen Unge Forskere var det to namnearbeid som nådde landsfinalen i år. Arne Hetlelid fekk tredjepris for utgreiinga Personnamn i Hjelmeland, som han opphavleg laga som særoppgåve ved Strand vidaregåande skule. Elise Kristin Teigen fekk same heideren for særoppgåva Stedsnavn og historie fra Sund og Hellesvik frå Mosjøen videregående skole. Vi nemner òg at Venke Ivarrud fekk utstillingspris for eit stort arbeid om eit nærståande emne, Lokalhistorie fra Susendalen. I fjor vann Ivarrud norsk førstepris for ei oppgåve om stadnamn i Susendalen. Vi gratulerer alle tre! Samtidig vil vi oppmode lærarar og andre om å fortelje unge forskartalent om denne konkurransen. Vilkåra

for å få delta er einast at ein er i alderen 12-21 år, og at arbeidet ein vil levere inn, er sjølvstendig utført. Juryen dømer heilt ut på vitskapleg grunnlag. Adressa til Unge Forskere er Norsk Teknisk Museum, Kjelsåsveien 143, Oslo 4.

NESTE INTERNASJONALE NAMNEGRANSKARKONGRESS I TRIER 1993

På den 17. internasjonale namnegranskarkongressen i Helsingfors 13.-18. august 1990 vart det vedteke at den neste kongressen skal haldast i Trier i Tyskland våren 1993. Emnet for kongressen vert personnamn i vid tyding. Professor Dieter Kremer ved Universitetet i Trier vil fungera som organisatorisk leiar for arrangementet.

Formelt er det ICOS (International Commmittee of Onomastic Sciences) som står bak dei internasjonale kongressane. ICOS har sete i Louvain (Löven) i Belgia og er samansett av eit styre (Executive Committee), eit sekretariat (som m.a. gjev ut tidsskriftet Onoma) og eit skiftande tal medlemmer som er innvalde etter framlegg frå fagfolk som alt er medlemmer. Frå Noreg sit no Botolv Helleland (Oslo), Oddvar Nes (Bergen) og Ole Henrik Magga (Kautokeino). Magga vart innvald i år etter Thor Frette.

Det har vore noko kritikk mot at nye ICOS-medlemmer vert valde på eit litt tilfeldig grunnlag, og på komitémøtet i Helsingfors i august i år vart det skipa ei nemnd som til neste kongress skal greia ut om m.a. funksjonar og valrutinar for organisasjonen. Frå dei nordiske landa vart Bengt Pamp (Lund) med i nemnda.

KONFERANSE OM LEKSIKOGRAFI I NORDEN

Avdeling for leksikografi ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo, skal skipa til ein konferanse om leksikografi i Norden i tida 28.-31. mai 1991. Målet med konferansen er å auka interessa for leksikografisk arbeid i Norden. Det er påmeldt ei lang rekkje foredrag om ulike leksikografiske emne - somme av dei svi-

par òg inn på feltet namnegransking. Arrangørane vonar dessutan at det i samband med konferansen kan bli skipa ei nordisk foreining for leksikografar, som m.a. kan stå for seinare konferansar.

Dei som ynskjer å vera med, må melda ifrå snarast råd til Avdeling for leksikografi v/Ruth Vatvedt Fjeld, postboks 1001 Blindern, N-0315 Oslo 3.

KONKURRERANDE TILTAK?

Annan stad i dette nummeret er det nye meldingsbladet Lokalhistorisk magsin kort omtala. I nr. 2 av dette bladet kan me m.a. lesa at det skal haldast ein landskonferanse om lokalhistoriske arkiv i Førde 22.-23. november 1990, altså samstundes som den 6. nasjonale konferansen i namnegransking og landsmøtet i Norsk namnelag vert skipa til i Oslo. Sjølv om det er tale om to skilde disiplinar, vil det truleg vera fleire som har ein fot i båe læger, og som såleis har interesse av å vera med både i Førde og Oslo.

Slike møtekollisjonar er ikkje uvanlege, men kanskje me betre kan unngå dei om meldingsblada så tidleg som mogeleg kunngjer komande tilskipingar. Eller ein får informera kvarandre på andre måtar.



Skal De til Oslo eller Førde?

NAMN OG STADER PÅ UTSIRA

Stadnamnprosjektet i Rogaland har fødd enda eit søndagsbarn. Det førre var boka Kvitsøy. Namn og stader (1989), som vi omtala i Nytt om namn nr. 10, 1989. Denne gongen gjeld det Utsira. Namn og stader, med same forfattar, Inge Særheim. Boka er like vakker som Kvitsøy-boka, og innhaldet er av same høge kvalitet både fagleg og pedagogisk. Stoffet er òg skipa på same måten, og ein finn same slag opplysningar i begge bøkene. I staden for å repetere omtalen vil eg her sitere frå føreordet til den nye boka:

> "I denne boka vil ein finna språkleg tolking av meir enn 700 namn som er samla inn frå Utsira kommune. Her er òg nokre opplysningar om siramålet, om namnelaging og om kulturhistoriske opplysningar i namnetilfanget frå denne kommunen. Det er teke med kart som viser kor stadene ligg, og namnelister til kvart kartutsnitt. Ei alfabetisk liste med namna i normert form ("rettskrivingsform") og i lokal uttaleform finn ein heilt bak i boka. I denne lista er det òg tilvising til kartutsnittet der ein kan finna dei ulike stadene, og til den sida i boka der eit namn er drøfta."

Som eg understreka i den førre meldinga, blir heile materialet framifrå dokumentert med denne kombinerte bruken av kart og namnelister med uttale. Teksten viser samanhengen og mønstra i tilfanget og gjev ei mengd interessante opplysningar om geografiske, kulturelle og historiske tilhøve. Drøftinga utgjer stutt sagt ein mønstergyldig heilskap av språk og realia. Eit eige kapittel gjeld øynamnet Sira. Særheim sluttar seg til Per Hovdas tanke om at namnet er skyldt v. sige, og at den sterke straumen ved øya er namngjevingsgrunn.

Lesarar som ikkje er kjende i Rogaland, skulle nok ønskt eit kart over fylket, slik at ein såg kvar Utsira og andre kommunar ligg. Dette er eit sakn som lett kan bøtast i komande bøker. Særheim opplyser i føreordet at fleire alt er planlagde etter same modell.

Boka om Utsira er utgjeven ved Rogalandsprosjektet og kan tingast hjå Fylkeskultursjefen i Rogaland, Dronningens gate 7, 4005 STAVANGER. Prisen er 80 kroner.

KK

NORSKE SKRIVARAR I MELLOMALDEREN

Eivind Vågslid: Norske skrivarar i millomalderen. Eigen utgjevnad. Oslo 1989. I kommisjon ved Universitetsforlaget. 804 s.

Da Eivind Vågslid døydde i 1986, let han etter seg to ruvande, trykkeferdige manuskript. Det eine var Norderlendske fyrenamn, som vart utgjevi i 1988 (sjå Nytt om namn 8, 1988). Det andre var Norske skrivarar i millomalderen, som kom ut no i vinter i kommisjon på Universitetsforlaget. Dottera åt Vågslid, Arnlaug Skjæveland, har vori den drivande krafta bak begge utgjevingane. Til den siste utgåva har ho hatt gode hjelparar i Magnus Rindal, Oddvar Nes og Arne Apelseth.

Vågslid gjorde opptaket til granskinga av skrivarar og skrift i gammalnorsk og mellomnorsk tid med avhandlinga Norske logmannsbrev frå millomalderen i 1926. Sidan utvida han arbeidet og skifte litt på leia steg for steg. Det ligg m.a. att ei avhandling frå 1938 som heiter Gamalnorsk riksmål, og som han delvis trykte i skriftet Norsk måltidende den gongen. Magnus Rindal har redigert eit 20 siders samandrag frå denne avhandlinga og sett det inn i den nye boka.

Hovuddelen av Norske skrivarar er med Vågslids eigne ord "ei lista over norske millomalderbrev skipa etter skrivarhender med overskrift for kver einskild skrivarhand". Vågslid har granska om lag 3650 brev i original eller fotokopi. Han tek for seg alle norske originalbrev frå tida 1175-1400 og nokre brev frå 1401-1480. Dessutan har han gått gjennom 8470 brev utferda i Sverige i åra 1312-1400 for å sjå om nokon av dei er skrivne av nordmenn. Svenske brev som har norsk skrivar, er tekne med. Som Magnus Rindal peikar på i innleiinga, er det elles verdfullt at

Vågslid tek med tekst på seglreimar. Når skrivaren er ukjend, står det "Serskild hand", evt. "Same hand" (for same ukjende skrivar) over brevet. Desse breva står på kronologisk plass. Breva med kjend skrivar er innsette kronologisk etter utferdingsdatoen på det første brevet frå denne skrivaren. Der skipnaden etter skrivarhand bryt kronologien, står det tilvising frå kronologisk plass. Arne Apelseth har laga register over namngjevne skrivarar og over utferdarstadene. Boka er i det heile systematisk og grei å bruke som oppslagsverk.

Skrivaren er ikkje sjeldan også sendar. Vågslid nemner alltid kven som sender brevet, kven det er til, og kva sak det gjeld. Dessutan tek han tidt opp til drøfting stadnamn som brevet inneheld. Som dei fleste vel veit, hadde han etter kvart komi fram til sine eigne, sjølvstendige resultat i tolkinga av stadnamn. Han braut såleis krast med gammal lære i spørsmålet om namn på Frøy(s)-, Hov-, Tor- osv. speglar førkristen religion og kultus eller ikkje. I denne boka hevdar han det same materialistiske synet som i dei siste stadnamnbøkene sine. Oddvar Nes har laga register over alle stadnamn som Vågslid tolkar annleis enn det er gjort i Norske Gaardnavne (NG), og over namn med gamle skriftformer som manglar i NG. Når ein ser litt på tolkingane åt Vågslid, slær det ein at han ikkje berre var oppteken av å forklare mytologiske namn på ein ny måte, men at han òg hadde sjølvstendige meiningar om mange namn som tidlegare med vart rekna for å innehalde ord for "røynlege ting og tilhøve" - som han sjølv uttrykte det.

Magnus Rindal avsluttar innleiinga si slik: "Ingen som heretter vil arbeide med det mellomalderlege norske brevmaterialet, kan sjå bort frå Vågslids avhandling. Og eg vil tru at det vil gå lang tid før det blir gjeve ut ei så nyttig bok for studiet av norsk skriftspråk i mellomalderen." I så måte er boka overlag nyttig for namnegranskinga òg. Sjølve tolkingane er vel stundom diskutable, men at dei like fullt byd på eggjande lesnad, kan ein ikkje koma forbi.

KK

SOKNEDANNING OG SOKNENAMN

Stefan Brink: Sockenbildning och sockennamn. Studier i äldre territoriell indelning i Norden. Uppsala 1990. 449 s.

Den 7. mai i år tok fil.kand. Stefan Brink doktorgraden på denne avhandlinga ved Universitetet i Uppsala. Vår eigen Jørn Sandnes var opponent. Innlegget hans blir vonleg trykt annan stad. Avhandlinga er av stor interesse for norsk namnegransking òg. Det er difor på sin plass å nemne ho her, sjølv om presentasjonen på ingen måte kan gje noko rettvist inntrykk av dette storfelte arbeidet.

Brink granskar soknedanninga i Norden med særskild vekt på kva soknenamna kan fortelje om denne prosessen. Føresetnaden for å bruke namna på ein slik måte er at dei er namnesemantisk analyserte, dvs. at ein har fastslegi kva dei refererte til på den tida soknet vart etablert og fekk namn. Brink nyttar ein modell som først skil mellom primære (nydanna) og sekundære (overførte) soknenamn, og som deretter deler dei sekundære i bygdenamn, distriktsnamn, gardsnamn (med landsbynamn) og namn på kyrkjestaden. Dei sekundære namna er i klårt fleirtal i heile Norden, slik at analysen i all hovudsak kjem til å gjelde dei.

Brink gjev først eit oversyn over kristninga i Norden og bakgrunnen for soknedanninga i Sverige. Han understrekar at trusskiftet tok ulike former alt etter stad og samfunnstilhøve, og at det ikkje støtt var så kvass motsetnad mellom gammalt og nytt som misjonssoga gjerne hevdar. Deretter går han inn på framveksten av sokneskipnaden i dei nordiske landa. Eit sentralt spørsmål her er om soknet svarar til noka førkristen inndeling. Norske granskarar har halla mest til at det er eit slikt samsvar. Brink løyser litt på dette og finn støtte i nyare gransking for at ein må rekne med regionale skilnader i Noreg som i Norden elles. Men "nya djupundersökningar torde vara behövliga för att få en klarare bild av de norska förhållandena" (s. 109). Han åtvarar òg mot å setje bastante tidsrammer for skipinga av sokn. Etter hans syn har det vori ein langdregen prosess som i Noreg neppe tok ende før kring 1300.

Tredje delen er ei utgreiing om soknenamna med basis i modellen som er nemnd ovanfor. Magnus Olsen kom til at Noreg hadde ca. 950 soknekyrkjer i høgmellomalderen; ca. 850 av dei bar eit gardsnamn, og ca. 100 hadde namn etter ei bygd. Men seinare undersøkingar frå Namdalen (Jørn Sandnes) og Gudbrandsdalen (Dagfinn Skre) viser ein mykje høgre prosent bygdenamn. Dette kan i sin tur tyde på at sokna i mange tilfelle er skipa på grunnlag av eldre, naturleg framvaksne bygder. Førebels er det vanskeleg å seie kva den namnetypologiske skilnaden inneber: "Här väntar en stor och viktig forskningsuppgift," konstaterer Brink (s. 136).

Så langt har Brink i stor mon referert forskingshistoria, gjort opp status over forskinga i dag og peikt ut leia vidare. I hovuddelen av boka går han så i detalj inn på kristninga og utviklinga av sokneskipnaden i landskapet Hälsingland synst i Norrland. Her kjem hans eiga forsking til syne i full breidd. Soknenamna - 32 i talet - blir uttømande analyserte både ord- og namnesemantisk. Praktisk tala alle er sekundære namn, jamt fordelte på bygdenamn (12), gards- eller landsbynamn (10) og namn etter kyrkjestad (9). Dei sokna som har bygdenamn, ritar til ein viss grad opp eit mønster av eldre bygdelag. Namn som gjeld sjølve kyrkjestaden, synest vise at kyrkja ofte vart bygd på ein førkristen tingstad. Desse to gruppene "ger antagligen besked om förkristna bygdesammanslutningar och låter oss därmed ana konturerna av en förhistorisk samhällsstruktur" (s. 352). Sidan den førkristne kulten etter alt å døme var knytt til tinget eller tingstaden, grip dette rett inn i det omstridde spørsmålet om kultkontinuitet eller kultisk brot i geografisk forstand. Gardsnamna skil seg ut med di dei er knytte til yngre sokn som til dels er kunstige i høve til bygdegrensene.

Avhandlinga fløder av opplysningar, vurderingar, idear og nye resultat. Brink er kunnig både i sitt eige fag og i grannefag som historie, religionshistorie og arkeologi. Han har eit sikkert metodisk grep og evnar å stille problema klårt. I konklusjonane er han varsam, men ikkje unnseleg såframt han kjenner seg på trygg mark. Han har òg sett seg grundig inn i norsk faglitteratur og forskings-

tradisjon. Det er tankevekkjande å lesa om dei mange spørsmåla som framleis ventar på si løysing her i landet.

KK

DOKTORAVHANDLING OM FINLANDSSVENSKE STADNAMN

I det same bladet skal gå i trykken, får vi ei ny bok på bordet. Det er doktoravhandlinga Namn på åkrar, ängar och hagar av Gunilla Harling-Kranck. Disputasen vart halden ved Helsingfors universitet 13. oktober, med Lars-Erik Edlund frå Umeå som opponent. Krank drøftar ca. 75 000 teignamn frå det finlandssvenske området. Om opplegget seier ho m.a.:

> "Jag undersöker namnens lexikaliska och semantiska uppbyggnad utgående från de namnelement som står som huvudleder i namnen. I frekvensöversikter och med utbredningskartor vill jag rikta uppmärksamheten på det representativa och typiska för ägonamnen. Därmed kommer jag också in på regionala särdrag. Vidare undersöker jag spridningsvägar och analogiska utvecklingar, samt kronologin i fråga om de olika namntyperna."

Boka er på 384 sider. Ho er utgjeven i skriftserien til Svenska litteratursällskapet i Finland.

ET FAMILIENAVN, SOM KOSTER 2 KRONER DAGEN

"Vi har tidligere meddelt om den løierlige Proces, som af Medlemmer af Familien Blick var anlagt mod en Kommandersergeant og Handelsmand i Arendal, fordi denne havde antaget deres Familienavn og kaldt sig Blik eller Blick. Hans Døbenavn er Hølje Gundersen. I den nylig Afsagte Dom blev Familien Blich givet Medhold i sin Paastand om at være ene berettiget til at føre dette Navn, og Hølje Gundersen har selvfølgelig ikke Ret til længere at benytte det, men tilpligtedes at betale en løbende Mulkt af 2 - to - Kr. for

hver Dag, han efter Dommens Forkyndelse benytter ovennævnte Familienavn, medmindre han da, som vi tror han bør, paaanker Sagen.

- Neppe er denne Proces afsluttet, før en lignende stilles i Udsigt mod en af Storthingsrepræsentanterne, nemlig Hr. Aars fra Hedemarken. Medlemmer af Familien Aars stiller nemlig i "Aftenp". en bestemt Opfordring til Repræsentanten om offentlig at gjøre Rede for, med hvilken Ret han benytter dette Navn. Og kan han ikke gjøre tilfredsstillende Rede for sig, saa trues han med et lignende Søgsmaal som det, der nys fik sin Afgjørelse i Arendal.

Denne Dom tør saaledes faa vidtrækkende Følger. Her tør blive Søgsmaal og Processer i Mængdevis om Familienavne og deraf følgende Navneforandringer."

Chrp. i Ugebladet nr. 10, 7. mars 1891
(sendt Nytt om namn av Terje Aarset, Volda)

DEPARTEMENTSSTRID OM STORE OG SMÅ BOKSTAVAR

Me siterer Aftenposten (19.5.90): "Det gjelder den fryktelige interdepartementale striden om forkortelser, retten til å benytte stor D - for Departement. Sentrale departementer har deltatt i striden, og før kruttrøyken la seg, måtte Norsk språkråd kobles inn."

Saka er nemleg at Forsvarsdepartementet har nytta forkortinga **FD** og Finansdepartementet **Fd**. Skilnaden på desse to forkortingane går på stor eller liten d, og dette kan lett føra til mistydingar. Men no er det vedteke at alle departement skal ha forkortingar med berre store bokstavar, noko Finansdepartementet ikkje har godhug for. Der i garden har dei no fått tildelt **FIN** sidan **FD** alt var oppteke av



Forsvarsdepartementet. Og Fiskeridepartementet har fått FID etter råd frå SI (Statens informasjonsteneste). Finansråd Hermansen i Finansdepartementet klagar over at det er informasjonsmenneska som er ute etter å laga eit språk med stuttnamn, noko han har liten sans for.

Kanskje finansråden er inne på noko her.

STUDENTARBEID OM NAMN

Hovudfag i Bergen

Våren 1989 leverte Øystein Økland inn hovudoppgåva Stadnamn frå Tysnes ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. I føreordet nemner han at dei om lag 1000 stadnamna som ligg til grunn for oppgåva, vart samla inn frå 17 matrikkelgardar på austsida av Tysnes gjennom munnlege kjelder i perioden 1981-85.

Oppgåva fylgjer hovudsakleg den disposisjonen som har vore nytta for dei aller fleste arbeida av dette slaget: Ei synkron (samtidig) og ei diakron (historisk) framstilling av dei viktigaste sidene ved målføret, drøfting av ein del sentrale ord og omgrep, oppstilling og forklaring av grunnord og jamføringsord (ordna i to hovudbolkar), utgreiing om natur- og kulturbaserte tilhøve i fyrsteleddet i samansette namn. Til slutt fylgjer litteraturoversyn, liste over heimelspersonar, kartreferansar, liste over grunnord og jamføringsord og til slutt ei alfabetisk namneliste (ein del namn vantar sidetilvising).

Dette er den niande hovudoppgåva frå Sunnhordland (den andre frå Tysnes - den fyrste vart levert av Gunvald M. Reiso i 1957), så det er all grunn for dette historiske landskapet å vera nøgd med sønene sine (det er berre karar som har skrive om stadnamn til no!).

Den teoretiske diskusjonen av tilhøvet mellom namn og nemne, mellom grunnord og namneledd viser at denne forfattaren har sett seg godt inn i namneteori.

Tilfanget i denne oppgåva er stort sett gjennomskodeleg og byr på få tolkingsproblem. Eitt av dei meir problematiske namna er Tingelsåkeren, som forfattaren med Anton Espeland (utan tilvising) trur kan innehalda dativforma þingvelli 'tingvoll'. Av språklege grunnar kan ei slik utvikling vanskeleg tenkjast. Rimelegare er det å sjå eit eldre personnamn Þengill i dette namnet, jf. Tingelstad fleire stader på Austlandet. Sjølv om eldre e etter målføreoversynet ikkje skulle gje /i/, kan ei slik utvikling likevel tenkjast i eit namn av denne typen, jf. /"kitil/ somme stader av eldre Ketill. Eit namn som ein gjerne skulle ha sett drøft, men som berre er nemnt i registeret, er Gjøfjell.

Lydskrifta er stundom unøyaktig, t.d. /"øspelonsbrå:te/ mot /"øsspelondsfje:dle/ (/fjedl/ førekjem elles med kort vokal). Særleg uheldig er det når dei to demonstrasjonsdøma på tonelag har fått motsett tonemmarkering. Andre veiler finst det òg - det viktige spørsmålet om samansetjingsmåte (komposisjonsfuge) er ikkje drøft. Eit viktig nemne som vatn er utelate i grunnordoversynet.

Dette arbeidet er nyttig fyrst og fremst som materialsamling og dermed som kjelde til natur- og kulturhistorie i det aktuelle området. Men det ligg enno att store kvite område som nye sunnhordlendingar kan gje seg i kast med.

BH

Rolf Stenhjem: Personnavn i Amalie Skrams forfatterskap. Nordisk institutt, 1989.

I denne oppgåva har Stenhjem registrert, sortert og kommentert personnamna i Amalie Skrams bøker i høve til sosial klasse og kjønn innanfor den litterære ramma og i høve til faktisk namnebruk i samtida. Han skil mellom førenamn, etternamn og tilnamn og deler deretter i undergrupper etter form og funksjon. Den språklege inndelinga blir ikkje drøfta nærare, heller ikkje termen namn i høve til andre ordkategoriar. Dette er særleg eit sakn når det gjeld dei funksjonelle typane kjælenamn, nøytrale tilnamn og utnamn, for her er det diskutable overgangar, ikkje berre innbyr-

des, men òg utetter mot appellativa. Problemet kjem i dagen m.a. andsynes skjellsord som "sinnatagg, ilskekopp, særgris" (s. 81), som Stenhjem meiner er utnamn, men som det vel er like rimeleg å kalle appellativ. Det funksjonelle aspektet har både ei prinsipiell og ei tekstleg side som ein bør ta omsyn til når ein grupperer slike namn. Sosialklassane som Stenhjem bruker, er overklasse og underklasse, og eg er samd i at det neppe er tenleg å dele finare i denne samanhengen.

Materialet omfattar 226 førenamn, 180 etternamn og 108 tilnamn. Nordiske førenamn står sterkast i overklassen og blant mennene. Elles er svært få namn felles for dei to klassane. Etternamn er vanlegast i overklassen, og dei som blir omtala eller tiltala med berre etternamn, høyrer alltid til der. Personar frå underklassen ber oftast eit namn på -sen såframt dei i det heile har noko etternamn. I begge klassane er det flest menn som har etternamn. Tilnamna viser liten sosial skilnad, men i høve til kjønn ter dei seg ulikt: Kjælenamna blir mest brukte på kvinner, medan utnamna mest gjeld menn. Førenamna hjå Skram er generelt realistiske om ein samanliknar med namneskikken i samtida. Etternamna og tilnamna er så lite granska at ein ikkje kan jamføre Skrams namn med ytre tilhøve på nokon fruktbar måte.

I Hellemyrsfolket finn Stenhjem eit interessant namnemønster. Det gamle systemet med fullnamnsoppkalling er broti, og i staden går oppkallinga på førstebokstav, t.d. Sivert etter Sjur og Sofie etter Sivert (eller Sjur). Som vi ser, gjev dette systemet m.a. høve til å kalle opp kvinne etter mann og omvendt. Stenhjem har ikkje definert termen oppkalling, men indirekte kjem det fram at han stiller både eit formelt (minst førstebokstaven lik) og eit funksjonelt krav (bevisst førebilete i ein bestemt person). Det formelle er openbert, men det funksjonelle ser ein ikkje direkte av teksten. Til vanleg kan ein likevel slutte nokså trygt frå form til funksjon når ein har å gjera med namn i same familien.

Ei kvinne i boka "Mennesker" blir kalla Berg. Stenhjem trur det er eit førenamn og finn støtte for dette hjå Rune Vanberg: Namnebruken i Knut Hamsuns nordlandsdikting

(utrykt hovudoppgåve, Trondheim, 1980). Men Vanberg er misvisande på dette punktet. Han har rett nok funni Berg knytt til kvinner på Hamarøy på 1800-talet, men namnet står da alltid som andre eller tredje namn, og det er ingen ting som tyder på at det i denne posisjonen fungerte som førenamn, like lite som andre slektsnamn gjevne til kvinner. Når slektsnamn kjem i førsteposisjon og/eller blir brukte som daglegnamn, har dei eintydig status som mannsnamn, jf. Angel, Hagerup, Jentoft, Sverdrup o.fl. i Nord-Noreg.

Eg tykkjer òg at utsagn som dette kunne vori eit grann neddempa: "Når foreldre med en [nasjonalromantisk] holdning skal velge navn, så er det klart at de velger typiske nordiske navn. Og når en realistisk/naturalistisk forfatter skal skrive om dette, så må hun ta hensyn til foreldrenes ideologi" (s. 68). Her blir røynda framstilt for skjematisk og sambandet mellom verk og omverd gjort litt for tett. Om ein har talfesta førekomstar og påvist samsvar, er det ikkje sjølvsagt at ein samtidig har grunngjevi forfattaren sine val litterært. Det kan godt hende at forfattaren (og særleg den "realistiske"?) i praksis kjenner seg styrt når han skal velje namn, men det opphevar ikkje det prinsipielle skilet mellom den litterære og den ytre verda. Stenhjem er medviten om desse problema, men har etter mitt syn arbeidd for lite med dei på det teoretiske planet.

I vedlegg set Stenhjem først opp heile namneforrådet alfabetisk med opplysning om kjønn og klasse, og så namna i kvart verk for seg med inndeling i dei kategoriane han har brukt i teksten.

Eg har vori litt kritisk i denne omtalen, og i grunnen har kritikken meir generell adresse enn hovudoppgåva til Stenhjem. Disiplinen litterær namnegransking inneheld spenningsfylte komponentar som ikkje har vorti skikkeleg utgreidde teoretisk her i landet. Merknadene mine kan difor like godt lesast som ein kommentar til granskingssituasjonen som til denne avhandlinga. Stenhjem skal ha ros for eit innhaldsrikt arbeid.

KK

Mellomfag i Oslo

Beate Kraggerud: Stadnamn frå Lunner og Gran. Ei djupinnsamling av stadnamn frå to Kraggerudgardar, tre Dynnagardar og eit bruk. Semesteroppgåve hausten 1989.

Kraggerud og Dynna ligg mot kvarandre i grensa mellom Lunner og Gran og utgjer eit samanhengande område. Beate Kraggerud har samla, systematisert og analysert 165 namn frå desse gardane. Ho har brukt "Skjema for edb-registrering av stadnamn" (vedlagt Nytt om namn 9, 1989) og skrivi materialet inn på datamaskin. Ho gjer greie for dei einskilde felta i skjemaet og viser døme på korleis dei tek seg ut på eit konkret materiale. Systematikken som ligg i skjemaet, har Kraggerud utnytta godt både i problemstilling, analyse og utskriving. Ho får faktisk plass til å handsama alle namna på dei få sidene ei slik oppgåve omfattar. I tillegg er heile materialet oppført alfabetisk i vedlegg.

Første delen av oppgåva gjeld leddstrukturen. Om lag 70% av namna er samansette (Låvåkeren), ca. 25% har berre hovudledd (Åkeren) og ca. 5% har berre underledd (Bak låven). Namna har mest utan unntak bunden form, og dei fleste er i eintal. Hovudledd og underledd svarar stort sett til grunnord og utmerkingsledd i tradisjonell nemningsbruk, men strukturanalysen gjeld primært ikkje ordstoffet. Dét er derimot emnet for grunnordanalysen, som utgjer hovuddelen av oppgåva. Kraggerud fører opp grunnorda - i alt 49 - alfabetisk med tyding, talet på namn dei finst i, og kva utmerkingsord dei er knytte saman med. Vanlegast er -eng (11), -haug (8) og -myr (16). Til slutt drøftar ho endring i referanse og namnedød. Endringane gjeld mest opphavlege plassnamn som i dag viser til tuft, eng, skogstykke e.l. Dette er namn som i neste omgang lett kan gå i gløyme. Elles er materialet rikt og vitnar både om grundig markarbeid og gode heimelsfolk.

Ellinor Reichelt: Førenamn i Rødøy og Meløy i 1820 og 1870. Semesteroppgåve hausten 1989.

Undersøkinga gjeld førenamn i Rødøy og Meløy i Nordland i 1820-25 og 1870-76. Materialet er henta frå kyrkjebøkene

og omfattar namna på 856 personar jamt fordelte på begge kjønn og begge periodar. Reichelt ser på førstenamn, andrenamn og namnekombinasjonar særleg med sikte på å kartleggje endringar frå 1820-åra til 1870-åra. Ho skil mellom leksikalske namn, dvs. namnet som språkleg eining, og løpenamn, dvs. den einskilde førekomsten av språkeininga. Skiljet er metodisk nødvendig og gjev fruktbare resultat. Ho grupperer namna i nordiske, kyrkjelege og andre namn, men handsamar gruppene noko lausleg; ho reknar såleis ikkje prosentar her. Heile tilfanget er oppstilt i alfabetiske lister som følgjer i vedlegg.

Namna i 1820-åra byd på få sensasjonar, men det er grunn til å merkje seg at Per ligg suverent på topp blant mannsnamna, med Hans på andreplass og Ole på tredjeplass. Blant kvinnenamna er Anna klårt fremst som venta. Flesteparten har dobbelnamn både på manns- og kvinnesida. Andrenamna viser sterkare konsentrasjon i toppen enn førstenamna, men sjølve kombinasjonane varierer mykje. Det er litt fleire kvinnenamn enn mannsnamn i bruk. Dei nordiske namna er i stor mon trengde unna av dei kyrkjelege.

Fram mot 1870-åra fell Per sterkt av, men Ole held same prosent og rykkjer opp på førsteplass. Anna står urokka. Det kjem inn mange avleiingar, i mannsnamna særleg -ius/-inus og i kvinnenamna særleg -ine. Ofte finst avleiingane i breidd med eit grunn-namn. Reichelt har sett opp ei interessant liste over slike par: Helmer-Helmine, Kornelius-Kornelia osv. Ho meiner dette tyder på ei omfattande oppkalling på tvers av kjønnsgrensa. Forklaringa har mykje for seg, men føreset naturlegvis ei vidare tidsramme enn den bolken materialet er teki frå. Namnerenessansen viser dei første spor: Gyda, Helga, Trygve o.fl. Elles har det komi til nokre tyske og engelske namn. Dobbelnamna har auka sin del, og blant kvinnene er det no unntaket at nokon har eitt namn. Derimot har mange tre namn; det same gjeld blant mennene òg.

I hovuddraga er namneskikken i Rødøy og Meløy av nordnorsk type slik særleg Arvid Bræck og Gulbrand Alhaug har demonstrert han i tidlegare studiar. Reichelt har med denne oppgåva fylt ein kvit flekk på namnekartet. Ønsket må

vera at vi òg får undersøkingar frå indre og sørlege bygder på Helgeland.

Margrete S. Skeie: Om dei morfologiske endringane i eit stadnamnmateriale frå mellomalderen til i dag. Semesteroppgåve hausten 1989.

Skeie tek for seg stadnamn frå Austlandet i Sverresoga og følgjer utviklinga deira fram til i dag. Soga nemner 84 austlandsnamn. Over halvparten finst framleis anten uendra eller med overgang frå ubunden til bunden form. Stabiliteten kan i nokon mon forklarast med at namna flest alle er "bygdens og veiens navn" (M. Olsen) med breitt traderingsmiljø. Om namnet står ved lag, kan likevel referansen vera endra, som når Spjørr (Hvaler) har gått frå øynamn til bustadnamn. Namn som Hedmark og Oppland skil seg ut med di dei ikkje er traderte, men oppattliva frå ein litterær basis.

Nokre namn lever berre som ledd i andre namn, såleis Rønd i Randsfjorden og Tyrvi i Tyrifjorden. I andre tilfelle har eit samansett namn døydd ut, men utmerkingsleddet er bevart. Det gjeld m.a. Grindholmasund, namn på sundet mellom Nøtterøy og Tjøme (no Vrengen), som må ha vori relasjonsnamn til Grindholmene, det noverande namnet på nokre holmar i sundet. Desse traderingstypane omfattar ca. 20 namn. Det er berre 25 namn som har gått heilt tapt, mellom dei det kjende kryssordnamnet Re i Vestfold. Der namna frå Sverresoga er bortkomne, har det stundom festa seg andre namn i staden, t.d. Galgeberg for Mørtustokkar, men stundom er òg tilsvarande lokalitet namnlaus, iallfall på "bygdens og veiens" nivå.

Oppgåva er sjølvstendig utforma og svært velskriven. Ho inneheld mange gløgge observasjonar av formelle og funksjonelle trekk i materialet. Disposisjonen haltar noko fordi stoffet i grunnen er for mangsidig til å trivast i den ramma tittelen set. Med denne utgreiinga har Skeie orientert seg litt bort frå det tradisjonelle mønsteret for studentoppgåver. Resultatet er så oppløftande at fleire burde følgje etter. Enn om ein mellomfagsstudent t.d. tok for seg tilnamna i Sverresoga?

KK

Semesteremne i Tromsø

Cissel Samuelsen: Personnamn i Skjervøy prestegjeld 1801. Obligatorisk oppgåve hausten 1989.

Materialet til oppgåva er folketeljinga frå 1801 i edb-versjon. Skjervøy den tida omfatta også Nordreisa og Kvenangen og hadde knapt 2000 innbyggjarar. Fastlandsdelen hadde samisk og finsk busetnad, medan Skjervøy i stor mon var norskprega. Samuelsen undersøkjer om namnebruken viser noko tilsvarande skilje. Ho finn ei tydeleg overvekt for Berit, Marit, Elen/Eli, Isak og Aslak i det ikkje-norske området. Desse namna er kjende for å vera vanlege samenamn.

Dette er berre éin av synsvinklane Samuelsen legg på materialet. Ho ser òg på namnetoppen, namnegrupper, sosiale skilnader, generasjonsutvikling og oppkalling. Samuelsen presiserer sjølv at tilfanget er for lite til å gje sikre resultat når det skal splittast ytterlegare opp i undergrupper. Etter mitt syn hadde ho tent på å velje færre problemstillingar og heller gått meir i djupna med ei eller to. Men sidan oppgåva var obligatorisk, rettar eg kanskje her bakar for smed?

Toppnamna er Anna, Berit, Ole og Nils. Det er berre små endringar gjennom dei tre generasjonane som folketeljinga dekkjer. Ein kan merke ei viss utjamning i toppen og aukande bruk av avleiingsnamn. Begge trekka peikar framover mot det store mangfaldet som kom til å særkjenne nordnorsk namneskikk på 1800-talet. Oppkalling med heile namnet er vanleg. Det finst òg tilfelle som minner om bokstavoppkalling, men her byd kartlegginga på metodiske vanskar. Samuelsen reknar Rejer for å vera eit slektsnamn brukt som førenamn, men det er nok ein skrivemåte for Reidar. Skilet mellom kristne og gresk-latinske namn er ikkje grunngjevi og verkar lite relevant for drøftinga.

Samuelsen viser til slutt nokre likskapar og skilnader mellom Skjervøy og Os ved Bergen i 1801. I toppen er det mykje likt, men nedover listene blir det større sprik, og på frekvens 1 og 2 har områda berre fåtalet namn felles.

Cissel Samuelsen: Ei kort gransking av namnetilhøva i prestegjelda Ullensaker og Drammen. Obligatorisk oppgåve hausten 1989.

I denne oppgåva som i den førre har Samuelsen brukt edb-versjonen av folketeljinga frå 1801. Problemstillingane er og i hovudsak dei same, men i staden for etnisk (norsk-samisk) og geografisk (Skjervøy) jamføring får vi her ei samanlikning mellom by og nærliggjande bygd. Skilnadene er markante og held seg nesten uendra gjennom alle generasjonane. Dei vanlegaste namna har mykje høgre prosentdel i Ullensaker (Anne, Marte og Mari tils. 44%) enn i Drammen; på den andre sida har Drammen mange fleire einskildnamn. Jamvel i topplistene er halvparten av namna ulike. I Drammen har 36% av kvinnene og 8% av mennene dobbelnamn (kjelda skriv dei med bindestrek), men i Ullensaker er denne skikken nesten ukjent. Avleiinga -ine er vanleg i Drammen, særleg i andrenamna. Alt i alt viser namneskikken i Drammen mange nye trekk. I Ullensaker er det derimot inntrykket av tradisjon som dominerer. Tabellane er dessverre uleselege i det eksemplaret Avdeling for namnegransking har fått.

KK

DANSKERNES NAVNE

Dette er tittelen på eit velskrive og fint illustrert hefte i serien "Gyldendals Sprogbøger". Heftet tek for seg personnamn i Danmark og er skrive av Bent Jørgensen ved Institut for Navneforskning i København. På berre 31 sider gjev forfattaren ei instruktiv, oversiktleg og ikkje minst appetittvekkjande framstilling av personnamn i Danmark. Boka eignar seg ypparleg til sjølvstudium for nybyrjarar og repetisjon for vidarekomne.

Returadresse:
Avdeling for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO 3

NAMNEBIBLIOGRAFI 1989. TILLEGG

Tillegg til lista i førre nummeret:

Almenningen, Olaf: Stadnamna våre endeleg lovfeste. I: Norsk Tidend nr. 3, 26. juni 1989.

Birkeland, Gunhild: Stadnamninnsamling i Rælingen. I: Romerikstun. Årbok 1990, bd. XVI:82-89. (Utg. av Romerike Historielag.)

Ottesen, Johan: Båtnamn frå Sunnmøre. I: Ulsteinposten. Bedriftsavis for Ulsteingruppen. Julen 1989.

Stemshaug, Ola: Frå Olsen og Hansen til Ryvarden og Vinje. I: Populærvitenskapelig Magasin 3 - 1989:22-23.

Norsk namnelag treng medlemer, og du kan ha gagn og glede av medlemskapen. Adressa åt laget er Nordisk institutt, Sydnesplass 9, 5007 BERGEN. Ein kan også vende seg til Avdeling for namnegransking, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO 3. Årspengane er for tida 130 kroner. For dette får ein tidsskriftet Namn og Nemne ein gong i året og meldingsbladet Nytt om namn to gonger i året.